

**OVE TVEDT**

66-åringen er blitt pensjonist, men han har slett ikkje sett seg til ro i sofaen. Den årvisse Vardhaugselbasaren styrer Ove framleis på stødig og humoristisk vis, og han var svært sentral i prosessen som i august førde fram til at den nye Blådalshytta kunne opna med stor festivitas. At han og kona Grete avslutta året med å jobba tre månader i slummen på Filippinene, seier mykje om kandidaten sine menneskelege eigenskapar.

**PÅL HAUGLAND**

– Årsak: Hans friviljuge dugnadsarbeid gjennom mange år i skigruppa i Uskedalen. Mange unge har fått heilårleg skitrening i mange år i eit unikt, positivt miljø, der kvar einiskild har fått treningsopplegg tilpassa egne behov og ønskje, fortel forslagsstillaren. Pål Haugland er framleis mykje involvert i gruppa. Til dømes var han nyleg med på skisamling på Voss.

**ARE ULSETH**

Kva hadde barne- og ungdoms fotballen i Trio vore utan Are Ulseth? Sanninga er i alle fall at han er svært delaktig i det meste som føregår i fotballgruppa. Spesielt viser det att i Husnes Cup, som veks seg stadig større. I august var cupen arrangert for 16. gong, med 65 deltakarar. 69 laga frå Hordaland og Haugalandet tok turen – Det vert mykje arbeid, men vi er blide og nøgde etterpå, smilte Ulseth sjølv.

Pål Haugland har ein velfortent plass blant dei 8 kandidatane til årets namn i Grenda

Lokalavisa Grenda har sidan 2010 kåra årets namn. I fjor gjekk styraren ved baroniet, Anne Grete Honerød, av med sigeren. No er kandidatane til årets kåring klare etter framlegg frå lesarane i Grenda. 8 kandidatar skal kjempa om å få flest stemmer slik at dei vert årets namn. Blant kandidatane er nestoren i den veldrivne skigruppa vår, Pål Haugland.



Pål Haugland trivest godt saman med yngre venner i skigruppa.

Pål Haugland skal kjempa med 7 andre sterke kandidatar som er plukka ut. Det er Røde Kors Besøksteneste, travarhesten Tangen Tia og Gunnvor Ullebust, skiskyttalentet Ragnhild Femsteinvik, volleyballdrivkrafta Ragni Hestad, allsidig eldsjel Ove Tvedt, Trio-eldsjela Are Ulseth og rektoren på Omvikdalen skule Bjørn Rune Bergane.

Om Pål Haugland skriv Grenda følgjande: '- Årsak: Hans frivilljuge dugnadsinnsats gjennom mange år i skigruppa i Uskedalen. Mange unge har fått heilårleg skitrening i mange år i eit unikt, positivt miljø, der kvar kvar ein skild har fått treningsopplegg tilpassa egne behov og ønskje, fortel forlagsstillaren. Pål Haugland er framleis mykje involvert i gruppa. Til dømes var han nyleg med på skisamling på Voss.'

Det er mange muligheter for å avgje stemme. Ein kan skriva namnet på kandidaten og senda:

- epost til [post@grenda.no](mailto:post@grenda.no)
- SMS til 464 47 840
- internett, bruk skjema på Grenda si heimeside
- post; send slippen i avisa til Grenda, Pb 100, 5486 Rosendal
- personleg ved å stikka innom Grenda sitt kontor, eller snakka med ein av dei tilsette.

**Frist for å stemma er 26.desember kl.12.00.**

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.